



Røyreggjær Knut Stensletten på sporet etter ein lekkasje på Korsnes ved eit tidlegare høve (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vassverket er plaga av stor lekkasje om natta no på nyåret og ynskjer at folk hjelp til med å lokalisera kvar feilen ligg,**

**- Vi hadde eit håp om at den unormale situasjonen hadde samanheng med ei reparasjon av nettet over til Flatholm,'men det var ikkje tilfelle, seier styreleiar Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no**

Han opplyser at det truleg no går ut dobbelt så mykje vatn som det skal.

Forbrukarane bør sjekka fleire ting og eventuelt ta kontakt med han om dei oppdager noko.

Unormal sus i røyra kan vera ein peikepinn og unormalt mykje vatn på ein stad på eigedommen ein annan,

Lekkasjen kan også ha samanheng med at det har vorte mildare og forbrukarane bør sjekka om det lekk ut vatn i kjellarar eller uthus der det har vore frose før.

Hvis det ikkje lukkast å finna feilen på denne måten må vassverket gjennomføra ein systematisk avstengning av nettet i neste veke, for denne situasjonen kan ikkje halda fram.

Av Ola Matti Mathisen